

Welhaven:
Nyere Digte

Johan Sebastian Welhaven (1807–1873)

☞ Johan Sebastian Welhaven var presteson frå Bergen. Far hans ville at han skulle lese teologi, men Welhaven var lite motivert for å bli prest og gav opp teologistudiet etter nokså kort tid. I staden byrja han å studere litteratur og filosofi. Etter kvart vart han lektor, seinare professor, ved universitetet i Christiania.

☞ Welhavens syn på kunstverket er i tråd med klassisistiske ideal. Slik han såg det, måtte eit kunstverk innfri strenge krav til prakt og harmoni. Dikt skulle for eksempel byggjast opp etter klare reglar. For Welhaven høyrer form og innhald saman: Tankane må modnast før dei kan bli til dikt, og forma skal spegle denne modninga.



☞ Samstundes er synet hans på kunstnaren og kunsten si rolle typisk for romantikken: Kunstnaren er ein utvald som har kontakt med det ekte og uforfalska i sitt eige sinn. Gjennom kunsten kan han formidle denne djupare innsikta til andre.

☞ I mange av dikta til Welhaven finn vi skapningar frå norsk folketru og norrøn mytologi, og emne frå norsk historie. Denne interessa for det norske har Welhaven felles med dei andre representantane for nasjonalromantikken.

☞ Welhaven er pioner på det litteraturhistoriske området. Han meiner at vi treng eit nasjonalt perspektiv på litteraturhistoria. Sjølv lyfter han fram dei norske forfattarane frå den dansk-norske felleslitteraturen. Han rakk ikkje å skrive ei samanhengande litteraturhistorie, men fullførte ein del mindre arbeid om ulike forfattarar, mellom anna Petter Dass.

Striden mellom Welhaven og Wergeland

☞ Henrik Wergeland og Johan Sebastian Welhaven er dei to sentrale diktarane i Noreg i første halvdel av 1800-talet. Begge er romantikarar, men dei er usamde i fleire viktige spørsmål. I tillegg er både Welhaven og Wergeland taleføre og sterke personlegdommar, med kvar sin tilhengarflokk. Krangelen mellom dei to diktarane går føre seg i fullt rampelys, og debattinnlegga er stort sett nokså usaklege.

Intelligenspartiet og Patriotane

☞ Tilhengarane til Welhaven kalla seg Intelligenspartiet, mens krinsen rundt Wergeland fekk namnet Patriotane.

☞ Målet for Patriotane var eit sjølvstendig Noreg og eit norsk kulturliv som ikkje lenger var avhengig av Danmark. Patrio-



Welhaven har teikna denne illustrasjonen til eit dikt der mellom anna Camilla Wergeland blir skildra.

tane argumenterte for meir makt til folket og for ei oppvurdering av den folkelege kulturen. Dessutan ville dei fornorske det danske skriftspråket for å gjere det lettare for folk å lære seg å lese og skrive.

☞ Welhaven og tilhengarane hans såg på det norske kulturlivet som «rått» og «uferdig». Derfor meinte dei det var viktig å halde oppe kontakten med Danmark og byggje på dei danske og europeiske kulturtradisjonane. I tillegg meinte dei at nasjonale kulturar hadde behov for impulsar utanfrå.

☞ Intelligenspartiet hevda også at dei som skal styre landet, må ha kunnskap og utdanning. Slik dei såg det, var det førebels berre embetsstanden som hadde den nødvendige utdanninga.

Usemje om diktekunsten

☞ Kva er god dikting, og kva er formålet med diktinga? Også desse spørsmåla er Welhaven og Wergeland usamde om.

☞ Welhaven meiner at tankar og kjensler må ordnast og foredlast før dei kan bli til dikting. Forma må spegle denne fored-

linga, derfor må diktaren underkaste seg strenge reglar for strofebygning og språklege uttrykk. Wergeland eksperimenterer derimot med verssmål og rim, han prøver å finne den forma som står til det han vil uttrykkje.

☞ For Welhaven er dikta til Wergeland merkte med «alle poesiens dødssynder». Han hevdar mellom anna at Wergelands dikt manglar klarleik, og at dei er skjemde av altfor sterke kjensler og drifter.

☞ Både Welhaven og Wergeland er i grunnen samde om at diktarevna er ei spesiell gåve, men Welhaven meiner at diktinga først og fremst skal medverke til eit rikare indre liv for lesaren. Wergeland vil derimot ikkje skape «sofalitteratur», som han kalla den danske, upolitiske litteraturen som Welhaven sette høgt. For han har diktarane også ei politisk oppgåve: Dei skal vere «idéanførere og folkenes lærere».

Nyere Digte

☞ Johann Sebastian Welhaven gav ut i alt fem lyrikksamlingar. *Nyere Digte* frå 1844 var den andre samlinga hans.

☞ Mange av dikta i denne samlinga handlar om sorg, om korleis det kjennest å måtte leve vidare med saknet etter ein avliden. For Welhaven var denne sorga velkjend, for i 1840 miste han jenta han elska og hadde vore trulova med, Ida Kjerulf. Ho døydde av tuberkulose, berre 23 år gammal.

☞ *Nyere Digte* inneheld også fleire nasjonalromantiske dikt. Her finn vi mange skapningar frå folketrua, som huldra, nykken, oskoreia og alvane. Welhaven henta dessutan ofte motiv frå norske segner.

☞ Samlinga omfattar også høvesdikt og nokre dikt med motiv frå antikken, ikkje minst det litteraturfilosofiske diktet *Digtets Aand*.



Ida Kjerulf

Digtets Aand



☞ *Digtets Aand* er eit dikt om det å dikte. Her presenterer Welhaven synet sitt på kva dikting er, og kva roller dikteren og lesaren har i denne spesielle forma for kommunikasjon.

☞ Welhaven meiner diktet skal røpe «det uutsigelige», noko som ikkje kan formidlast direkte med ord. Dette «uutsigelige» finn dikteren i djupet av si eiga sjel. Det blir ein del av teksten gjennom den kunstnarlege skapingsprosessen, som krev modning og streng disiplin.

☞ Lesaren må så atterreise «det uutsigelige» i sitt eige indre. Slik kan kunsten medverke til eit rikare indre liv hos lesaren og til ein åndeleg fellesskap mellom diktar og lesar.



Fleire dikt av Welhaven: «Søfuglen»
(«En Villand svømmer stille»)

